

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 12.09.2017

Handsaming i møtet

Kontrollutvalet ønskjer slik endring i starten av punkt 2: Kontrollutvalet er sterkt uroa over at også dette

Vidare ønskjer kontrollutvalet at punkt 4 vert endra til: Kontrollutvalet ber fylkesrådmannen komme i neste møte og gjera greie for usedvanleg stort avvik i kalkylen for Stord og Austevoll vidaregåande skular.

Med desse endringane i punkt 2 og 4 vart slik uttale samrøystes vedteke

Uttale

1. Kontrollutvalet viser til konklusjon frå Deloitte, der det går fram at prosjektrekneskapen i det alt vesentlige er utarbeidd i samsvar med grunnlaget for rekneskapsavlegginga.
2. Kontrollutvalet er sterkt uroa over at også desse prosjekta har store avvik i høve opphavleg løyving og at det difor kan vera grunn for å spørja om kalkylene, eller grunnlagsmaterialet for kalkylene, har vore gode nok.
3. Vidare har utvalet merka seg at det for 3 av desse prosjekta har teke omlag 5 år og meir frå siste løyving vart gjeve og til prosjektrekneskap er avgjort. Det kan difor vera grunn til å stille spørsmål ved om prosjektrekneskapane burde vore avgjort tidlegare
4. Kontrollutvalet ber fylkesrådmannen komme i neste møte og gjera greie for usedvanleg store avvik i kalkylen for Stord og Austevoll vidaregåande skule.